



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Stad:	Herøy rådhus, Kommunestyresalen
Dato:	26.03.2015
Tid:	16:30 – 20.05

Medlemer som møtte:

Olaug Andreassen	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP
Janita Iren Westbø Remøy	Medlem	AP
Sofie Mere Arntsen	Medlem	AP
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Linn-Therese Hansen Sævik	Medlem	KRF
John Nerem	Medlem	KRF
Henry Jøsokbakke	Medlem	V
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Tor-Sindre Steinsvik	Nestleder	H
Idar Tarberg	Medlem	H
Fred Hansen	Medlem	H
Richard Klungsøyr Gjerde	Medlem	H
Sigurd Voldsund Nygard	Medlem	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Stig Arne Helsem Sævik	Medlem	H
Stian Sævik Elveseter	Medlem	H
Norvald Muren	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP
Bjarne Kvalsvik	Medlem	FOLK/SP
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP

Forfall:

Reidun S Myrvågnes	MEDL	AP
Svein Gjelsest	MEDL	AP
Camilla Storøy Hermansen	MEDL	KRF
Frank Otto Kvalsvik	MEDL	KRF
Frank Lied	MEDL	H
Bjørn Otterlei	MEDL	H

Marthe Vågsholm Sævik	MEDL	H
Dag Kåre Nærø	MEDL	FRP
Thor-Sigmund Garvik	MEDL	FRP
Kaja Runde	MEDL	FOLK/SP
Kjerstin M. Lilleøy Nygard	MEDL	H

Varamedlemer som møtte:

Runar Stave	Svein Gjelseth	AP
Mona Grethe Ryssevik	Camilla Storøy Hermansen	KRF
Knut Tandberg	Marthe Vågsholm Sævik	H
Oddmund Voldsund	Kjerstin M. Lilleøy Nygard	H
Kåre Igesund	Frank Lied	H
Terje Krogset	Bjørn Otterlei	H
Knut Johan Voldsund	Dag Kåre Nærø	FRP
Kåre Haugom	Kaja Runde	FOLK/SP

Andre:

Rådmann Olaus-Jon Kopperstad
 Sekretær Hilde B. Skinnes
 Leiar for Utviklingsavdelinga Jarl Martin Møller
 Planleggar Berit Skeide Sandvik
 Planleggar Aleksander Zahl Tarberg
 Skatteinnkrevjar Jan Driveklepp
 Skuleleiar Sølvi Lillebø Remøy
 Kulturleiar Eileen Gjerde

Møtet vart annonsert med fullstendig sakliste i Vestlandsnytt og sakliste vart sendt til medlemne og dei fremste varamedlemne i kvar gruppe.

Det møtte 22 faste og 8 vara, 3 mindre enn fulltalig.

Til å skrive under møteboka saman med ordføraren vart desse valde:
 Olaug Andreassen og Sigurd Nygard

Ingen hadde merknader til at K-sak 39/15 vart satt på saklista og behandla i møtet.

Oversendingsframlegg:

Herøy kommunestyre viser til detalj- og reguleringsplan for Huldal Aust vedteken i kommunestyret 26.03.15.

Kommunestyret ber om å få ei sak der ein kan innarbeide kostnadane med opparbeiding av:

- GS 1 byparken
- Utbetring av Huldalskrysset
- Utbetring av trafikkforholda til Djupedalen

i budsjett og økonomiplanen som skal handsamast 2015-2018.

Herøy kommunestyre ber administrasjonen gå i forhandlingar med grunneigarane med sikte på overtaking av GS 1 byparken (areal).

Permisjon:

Mona Grethe Ryssevik fekk permisjon kl 19.30 etter handsaming av K-sak36/15

Desse skriva vart delt ut i møte:

Saksprotokoll K-sak 37/15

Saksprotokoll K-sak 38/15

Kommunedelplan for Herøy Helse og omsorg 2013-2020

K-sak 39/15

Olaug Andreassen

Arnulf Goksøy
underskrifter

Sigurd Nygard

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 25/15	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 26/15	Protokoll frå førre møte.
PS 27/15	Delegerte saker
PS 28/15	Referatsaker
PS 29/15	Prioritering av samferdselsprosjekt 2015
PS 30/15	Overtaking av forvaltningsansvar for verneområda i Herøy kommune - sak 2014/13895
PS 31/15	Områdereguleringsplan Fosnavåg hamn - handsaming etter avgrensa høyring
PS 32/15	Detaljregulering for Eggesbøjorda område F/K/O - Slutthandsaming.
PS 33/15	Detaljregulering for Huldal aust - slutthandsaming
PS 34/15	Detaljreguleringsplan for Myrabakken bustadfelt - Slutthandsaming
PS 35/15	Skatterekneskapen 2014
PS 36/15	Ny brannstasjon i indre Herøy - ombygging av kommunens eigedom Nedre Dragsund 2
PS 37/15	Tilstandsrapport for Herøyskulen 2014
PS 38/15	Vedk. tilsyn av folkehelse 2014
PS 39/15	Forslag til fusjon mellom Destinasjon Ålesund & Sunnmøre, Geirangerfjord-Trollstigen AS og Reisemål Stryn & Nordfjord AS

Delegerte saker frå avdelingane

- DS 64/15 Knut Storøy - 32/2 - Sjøbuder
- DS 65/15 Roman Scheibler 12/273 - Løyve til oppføring av terrasse
- DS 66/15 Petra Goksøyr 9/88 - Løyve til oppføring av garasje
- DS 67/15 Fosnavåg Parkering as - 34/237- Endra køyremønster
- DS 68/15 Sunnmørsbadet Fosnavåg AS 29/329 - Løyve til endring for deler av tiltaket
- DS 69/15 Rem Marine as - 38/34,78 og 178 - Bruksendring og gangbru
- DS 70/15 Herøy kommune- 37/496 og 37/5, 50, 166, 417, 499 - Veg
- DS 71/15 Mellombels bruksløyve - 87/15
- DS 72/15 Ann Iren Hatløy 59/6 - Løyve til oppføring av bustadhus
- DS 73/15 Øyvind Bostad og Linda Brekke 30/130 - Ferdigattest
- DS 74/15 Stitho Eiendom as - 45/79 - IG Takkonstruksjon
- DS 75/15 Ferdigattest - 31/185
- DS 76/15 Anders Remøy 4/274 - Mellombels bruksløyve for garasje og carport
- DS 77/15 Jan Tore Madsen 4/250 - Ferdigattest for naust og landfeste for flytebrygge
- DS 78/15 Sunnmørsbadet Fosnavåg AS 29/329 - Mellombels bruksløyve for deler av tiltaket
- DS 79/15 Frode Hammerseth og Cecilie Sundgot - Kjøp av gnr. 45 bnr. 165 i Dragsund
- DS 80/15 Berit Aasen - 37/492 seksjon 1 - Endring utebod
- DS 81/15 Hallstein Lynge - 44/21 - Tilbygg
- DS 82/15 Idar Slettevold - 83/75 - Carport
- DS 83/15 Per Ronald Knutsen 26/128 - Løyve til oppføring av garasje
- DS 84/15 Jetmund Runde - 38/119 . Tilbygg/ fasadeendring
- DS 85/15 Per Haldor Storøy - 58/3 - Påbygg
- DS 86/15 Fosnavåg parkering as - 34/360- Lagerrom
- DS 87/15 Hallstein Frøystadvåg 38/244 -

Ferdigattest

- DS 88/15 Trond Kleppe - 76/39 - IG bruksendring
- DS 89/15 Mellombels bruksløyve - 34/504 seksjon 1 og 2
- DS 90/15 Hallstein Lynge 44/21 - Løyve til rehabilitering av skorstein
- DS 91/15 Herøy kommune - 45/47 og 71 - Fasadeendring
- DS 92/15 Tømrrer Service AS 31/112 - Endring av løyve
- DS 93/15 Ferdigattest 26/88
- DS 94/15 Kjellmar Tarberg 62/2 - Løyve til utfylling av hyttetomt.
- DS 95/15 Rose-Marie Kvalsund og Jan Erik Myrseth 29/349 - Igangsetjingsløyve for graving og betongarbeid
- DS 96/15 Tone Merete og Per Kåre Dyrhaug 59/7 - Mellombels bruksløyve for fritidsbustad
- DS 97/15 Ferdigattest - 26/61 - Riving
- DS 98/15 Vegard Håkonsholm - 30/116 - Utviding veranda
- DS 99/15 Marita og Aleksander Zahl Tarberg 12/94 - Løyve til oppføring av tilbygg
- DS 100/15 Tone Merete og Per Kåre Dyrhaug 59/7 - Ferdigattest
- DS 101/15 Hege og Geir Notøy 40/72 - Løyve til oppføring av bustadhus
- DS 102/15 Lene Voldsund og Daniel A. Muren 13/115 - Løyve til oppføring av einebustad

RS 10/15

Referatsaker

HE 01-15 MØTEPROTOKOLLEN -
UTSKRIFT TIL KOMMUNESTYRET

PS 25/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste

PS 26/15 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre

PS 27/15 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande

PS 28/15 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande

PS 29/15 PRIORITERING AV SAMFERDSELSPROSJEKT 2015

Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller svarte på spørsmål.

Høgre, Idar Tarberg kom med slikt framlegg:

Punkt 1 Gang og sykkelveggar, Leikong krk – Leikongbakken, vert flytta til nytt punkt 6. Framlegget fekk 10 røyster.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 26.03.2015

Herøy kommunestyre ber om at prioriteringane som er opplista innanfor dei einsskilde programområde vert innlemma i Møre og Romsdal Fylke sitt investeringsprogram/planramme for fylkesvegvar for den komande planperioden.

Prioritering:

Store regionale prosjekt (SRP)

1. E39 – HAFAST, ferjefritt fastlandssamband
2. Rovdefjordsambandet
3. Dragsundbrua

Store prosjekt (SP)

1. Innfartsveg Fosnavåg
2. Mjølstadneset – Røyra
3. Nykrem – Leikongsætra

Mindre utbetringar (bruer)

1. Herøybrua
2. Nerlandsøybrua
3. Rundebrua
4. Remøybrua

Mindre utbetringar (tunnellar)

1. Sæviktunnellen

Mindre utbetringar (MU- andre investeringar)

1. Skarabakken
2. Leine- Remøyholmen
3. Indre Herøy krk – Stokksundbrua*
4. Flusundkrysset – Fosnavåg
5. Kvalsund – Teigeneset
6. Huldal- Igesund
7. Nerland – Øvre Kvalsvik
8. Moltu skule – Sandvika

*Inkl.gang og sykkelveg til Sandvika

Gang og sykkelvegvar (G/S)

1. Nykreim- Djupvik, Leikong krk – Leikongbakken
2. Frøystad- Torvik
3. Sandvika – Raftenes
4. Moltustranda
5. Djupvika- Myrvåg

Trafikktryggingstiltak

1. Planfri kryssing Frøystadtoppen

PS 30/15 OVERTAKING AV FORVALTNINGSANSVAR FOR VERNEOMRÅDA I HERØY KOMMUNE - SAK 2014/13895

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Kommunestyret - 26.03.2015

Kommunestyret oversender svar til Miljødirektoratet om at kommunen ikkje ynskjer å ta over forvaltningsansvar for verneområda i kommunen, men at dette vert liggande til fylkesmannen.

PS 31/15 OMRÅDEREGULERINGSPLAN FOSNAVÅG HAMN - HANDSAMING ETTER AVGRENSA HØYRING

Møtebehandling:

KrF, Linn Therese Sævik reiste habilitetsspørsmål då ho er gift med ein av grunneigarane. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet. Då planen berre gjeld delar av området vart Linn Therese Sævik samrøystes kjend habil.

Planleggar Berit Sandvik Skeide orienterte.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Kommunestyret - 26.03.2015

Herøy kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12 områdereguleringsplan for Fosnavåg hamn med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist datert 2.3.2015.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova kap. VI innan tre veker frå kunngjering.

PS 32/15 DETALJREGULERING FOR EGGESBØJORDA OMRÅDE F/K/O - SLUTTHANDSAMING.

Møtebehandling:

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg orienterte.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Kommunestyret - 26.03.2015

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, «Detaljregulering for Eggesbøjorda gnr. 38 bnr. 2 m. fl - området F/K/O» med tilhøyrande reguleringsføresegner og planomtale inkludert vedlegg, datert 17.09.2014.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

PS 33/15 DETALJREGULERING FOR HULDAL AUST - SLUTTHANDSAMING

Møtebehandling:

Ap, Olaug Andreassen reiste habilitetsspørsmål då ektefelle er i forhandlingar med Bergsøy idrettslag om kjøp av delar av området. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Olaug Andreassen vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL §6, 2. ledd.

H, Margaret Leinebø reiste habilitetsspørsmål då sambuar er tiltakshavar. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Margaret Leinebø vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL §6, 1. ledd, bokstav c.

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg orienterte.

Oversendingsframlegg frå Ap, Per Kristian Furø:

Herøy kommunestyre viser til detalj- og reguleringsplan for Huldal Aust vedteken i kommunestyret 26.03.15.

Kommunestyret ber om å få ei sak der ein kan innarbeide kostnadane med opparbeiding av

- GS 1 byparken
- Utbetring av Huldalskrysset
- Utbetring av trafikkforholda til Djupedalen

i budsjett og økonomiplanen som skal handsamast hausten 2015.

Det vart halde gruppemøte.

Ap, Per Kristian Furø trekte sitt oversendingsframlegg.

Oversendingsframlegg frå H, FrP og Ap:
Herøy kommunestyre viser til detalj- og reguleringsplan for Huldal Aust vedteken i kommunestyret 26.03.15.

Kommunestyret ber om å få ei sak der ein kan innarbeide kostnadane med opparbeiding av:

- GS 1 byparken
- Utbetring av Huldalskrysset
- Utbetring av trafikkforholda til Djupedalen

i budsjett og økonomiplanen som skal handsamast 2015-2018.

Herøy kommunestyre ber administrasjonen gå i forhandlingar med grunneigarane med sikte på overtaking av GS 1 byparken (areal).

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 26.03.2015

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, «Detaljreguleringsplan for Huldal aust» med tilhøyrande reguleringsføresegner og planomtale inkludert vedlegg, sist revidert 17.02.2014.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

PS 34/15 DETALJREGULERINGSPLAN FOR MYRABAKKEN BUSTADFELT - SLUTTHANDSAMING

Møtebehandling:

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg orienterte.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Kommunestyret - 26.03.2015

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for Myrabakken bustadfelt med tilhøyrande reguleringsføresegner og planomtale inkludert vedlegg, sist revidert 03.02.2015.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

PS 35/15 SKATTEREKNESKAPEN 2014

Møtebehandling:

Skatteinnkrevjar Jan Driveklepp orienterte.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Kommunestyret - 26.03.2015

Herøy kommunestyre tek skatterekneskapen 2014 til vitande.

PS 36/15 NY BRANNSTASJON I INDRE HERØY - OMBYGGING AV KOMMUNENS EIGEDOM NEDRE DRAGSUND 2

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 26.03.2015

1. Kommunestyret godkjenner Rådmannens forslag til ombygging av deler av kommunens eigedom Nedre Dragsund 2 til brannstasjon for Herøy brannvern.
2. Kommunestyret omdisponerer allereie løyvde investeringsmidlar for Myrvåg omsorgssenter på kr. 250 000 til ombygging av Nedre Dragsund 2.
3. Kommunestyret omdisponerer allereie løyvde planleggingsmidlar for brannstasjon i indre Herøy på kr. 300 000 til ombygging av Nedre Dragsund 2.
4. Plan- og byggenemnda får i oppdrag å gjennomføre prosjektet etter gjeldande prosedyre.
5. Kommunestyret opphevar formannskapets vedtak i F-sak 95/14 om utbygging av brannstasjon på gnr. 45 bnr. 110 og gir rådmannen fullmakt til å selje eigedomen i tråd med gjeldande retningsliner for sal av næringstomter.

PS 37/15 TILSTANDSRAPPORT FOR HERØYSKULEN 2014

Møtebehandling:

Skuleleiar Sølvi Lillebø Remøy orienterte

Komite for oppvekst si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Kommunestyret - 26.03.2015

Kommunestyret tek saka til vitande

PS 38/15 VEDK. TILSYN AV FOLKEHELSE 2014

Møtebehandling:

Komite for næring, kultur og idrett si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 26.03.2015

Herøy kommunestyre tek rapporten vedk. tilsyn av folkehelse 2014 til vitande.

PS 39/15 FORSLAG TIL FUSJON MELLOM DESTINASJON ÅLESUND & SUNNMØRE, GEIRANGERFJORD-TROLLSTIGEN AS OG REISEMÅL STRYN & NORDFJORD AS

Møtebehandling:

Kulturleiar Eileen Gjerde orienterte

Ordføraren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 26.03.2015

1. Med føresetnad om at gjennomføringa skjer iht. fusjonsplanen, vedtek Herøy kommunestyre å:
 - a) gi tilslutning til at fusjonen mellom Destinasjon Geirangerfjord-Trollstigen AS og Reisemål Stryn & Nordfjord AS, og retta emisjon mot Destinasjon Ålesund & Sunnmøre, vert godkjend.
 - b) gi tilslutning til avvikling av foreininga Destinasjon Ålesund & Sunnmøre, og at eigedelane i selskapet vert konvertert til aksjar i det nye selskapet Visit Sunnmøre & Nordfjord AS.
 - c) inngå medlemskap i det nyoppretta destinasjonsselskapet Visit Sunnmøre & Nordfjord.
2. Herøy kommunestyre foreslår at § 3 i vedtektene vert endra til:
«Selskapet sitt formål er å utføre marknadsaktivitetar og å stimulere til produktutvikling og å løyse andre fellesoppgåver for reiselivsnæringa og dei deltakande kommunane. (...).»

MØTET SLUTT!